


Detaljregulering for Fritidsbustader Skår Gloppen kommune

Planinitiativ og planprogram

Oppdragsgjevar
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.
Dato

Runar Kleppe
Detaljregulering
Planinitiativ og planprogram
21037
08.03.21, Revidert etter oppstartsmøte 09.04.21



1 Opplysningar til kommunen

 Prosjektnr: 21037	Oppstartsdato: Feb 2021
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no	Kundeinformasjon: Runar Kleppe Ytre Fjellbygda 262 6823 Sandane Tlf: 95032499 r.kleppe@online.no
Prosjektleder: Siri Gausemel	
Medarbeidarar:	Sign: 

Opplysningar som vert fylt inn i oppstartsmøtet:

Plan ID / saksnr.	
Sakshandsamar	Torbjørn Brandsæter
Varslingsavis	Firda Tidend
Kraftselskap	Linje AS
Namn på brannsjef	Kjell Aske

1.1. Forord

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fritidsbustader på deler av gnr/bnr 60/1, Skår, i Ytre Fjellbygda i Gloppen kommune.

Det er ynskje om å utarbeide detaljreguleringsplan, og som del av dette arbeidet må det utarbeidast ein overordna plan for framføring av infrastruktur som veg, vatn, avlaup og straum.

Etter gjennomgang av konsekvensutgreiingsforskrifta ser eit at det er få/ingen tema for konsekvensutgreiing i saka. På grunn av at planframlegget er i strid med overordna plan, fram til ny arealdel er vedteken vil det likevel vere krav om planprogram. Dette dokumentet er utforma for å vere ein kombinasjon av planinitiativ i saka og planprogram. (Sjå kap. 1.13).


1.2. Bakgrunn

Innanfor planområdet er det etablert ein fritidsbustad i dag. Planområdet er i dag lite utnytta, relativt ulendt terreng og karrige forhold gjer at området i hovudsak er dekkja av lauvskog, med nokre store grantre innimellom. Grunneigar ynskjer å aktivisere arealet for meir utstrekt bruk.

1.3. Planområdet og aktuelle verknader utanfor planområdet


Lokalisering

Planområdet ligg på garden Skår, i Ytre Fjellbygda, i nærleiken av gardstunet på eigedomen, området ligg om lag 5 km med bil frå kommunesenteret på Sandane, i Gloppen kommune.




Framlegg til plangrensa

Ein legg opp til at plangrensa skal tilpassast eigedomsgrensene langs sør, aust og vest. Dette er ikkje nøyaktig i samsvar med avgrensinga i utkast til kommuneplanen sin arealdel, sjå illustrasjon under, og kap. 1,6. Langs vestre side er avgrensinga samanfallande med linja i KPA, eller området er noko redusert. Ein kan vurdere å planområdet i to langs vegen, slik at reguleringsarbeidet vert avgrensa til øvre del i denne omgang. Skissert planområde har eit samla areal på om lag 32 daa. Av dette ligg 13,6 daa på oppsida av tilkomstvegen og 20,3 på nedsida. Plangrensa vert drøfta i oppstartsmøtet og vert oversend som SOSI fil når den er endeleg avklara. Vi bestiller naboliste med bakgrunn i avklart grense.



Illustrasjonen over viser framlegg til plangrense med dobbel linje og avgrensinga i KPA med grøn linje.



Annonsert plangrense (Fylkesatlas)



Annonsert plangrense, og flyfoto (Fylkesatlas)

1.4. Planlagd utbygging og tiltak

Aktuell utnytting av området er anslått til inntil 15 fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur. Det er ynskje om at ein av bygningane, like ovanfor vegen vert regulert til bustad. Denne er tenkt som eit mogleg utgangspunkt for eventuelle servicefunksjonar knytt il utleige av hytter. Som ein del av planprosessen vert det vurdert om heile eller deler av utbygginga skal vere som næring/turisme. Det må gjerast nærare vurderingar i forhold til korleis ein best kan etablere felles løysing for overvatn, vatn og avløp.


1.5. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Bruken av området i dag er som nemnt nokså avgrensa. Det er teke ut noko granskog siste åra.



Ein kan skimte tilkomstvegen til gardstunet i bildet, som er teke frå nedre del av planområdet, retning nord, omtrent.

Markslagskart er klipt inn under og gjev eit overordna inntrykk av ressursane i området. Gjennom planarbeidet vil ein sikre arealbruken med basis i dei kvalitetane som området har i form av m.a. utsikt. Planen må vise robust og kostnadseffektiv framføring av infrastruktur og som sikrar gode driftsforhold.






Utsikta frå planområdet er god. Foto frå øvre del i retning sørvest. Lokaliseringa gjer også at solforholda er svært gode.

1.6. Forhold til gjeldande planverk


Kommuneplanen sin arealdel Gloppen kommune 2008-2020



I kommuneplanen sin arealdel for Gloppen ligg nedre del av området inne med føremålet «Fritidsbustad». Det kjem fram gjennom dialog med Gloppen kommune at det må utarbeidast detaljreguleringsplan før det vert gjeve byggeløyve på området. Øvre el ligg som LNF-område, der det ikkje er høve til spreidd utbygging.

Kommuneplanen sin arealdel Gloppen kommune 2020-2030

I samband med at det vert arbeidd med ny arealdel, har grunneigar spelt inn ynskje om ei utviding av føremålet «Fritidsbustader». I høyringsutkastet som er tilgjengeleg per dags dato ligg denne inne i plankartet, slik det går fram av utklippet til høgre.





Det er vedteke ny retningslinjer for kjerneområde landbruk i februar 2021. Sjå utklipp til venstre. I denne kartlegginga ligg planområdet ikkje innanfor kjerneområde landbruk. Innmarka omkring gardstunet er registrert som «matproduksjon og kulturlandskap, prioritering 2». Med bakgrunn i denne vurderinga vert vurderingstema landbruk ikkje vektlagt meir enn vanlig.

Over: Kjerneområde landbruk med gul linje, grøn skravur indikerer «matproduksjon og kulturlandskap, prioritering 2». Utklippet er oversendt frå Gloppen kommune 24.03.21.

1.7. Vesentlege interesser som vert påverka

Planframlegget vil ha avgrensa verknad for nærområdet. Visuell verknad/landskapsverknad og endra arealbruk vil vere tema som ein kjem nærare inn på i planomtalen. Endringa vil ha noko verknad for trafikkmengda på kommunal veg «Ytre Fjellbygda» og på krysset ved riksvegen. Ein legg til grunn at riksvegkrysset er dimensjonert for ein vesentleg trafikkauke. Ein vil gjennom planarbeidet prøve å finne løysingar slik at både utforming og konkrete tiltak i terrenget skal gjerast på ein tilpassa måte, slik at ein reduserer uheldige verknader i arbeidsfasen og slik at området framstår mest mogleg attraktivt i bruk.

Gjennom dette planarbeidet håpar ein å finne løysingar og utformingar som kombinerer god utnytting av areala med ressurs-/kostnadseffektive løysingar. På denne måten ynskjer ein å utvikle eit område som er attraktivt å besøkje og bruke.

1.8. Samfunnsikkerheit

1.8.1. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema, sjå 1.8.2. Sjekklista vert i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særskilt fokus i det vidare planarbeidet. Førebels utgåve vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert sidan samanfatta i ein risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta. Alle punkt i sjekklista vert vurdert. (Risiko = Sannsyn x Konsekvens). Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

1.8.2. Førebels ROS skjema

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
Sjekkliste:							
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flom/brann							
1. Steinsprang	N	N				Ikkje relevant	Skredfarevurdering, Asbjørn Rune Aa, 01.10.2020 Fylkesatlas <u>Kartdata</u> frå NVE
2. Massetgl/leirskred/jordskred/flaumskred/kvikkleire	N	N				Ikkje registrert problemstillingar. Forholdet til kvikkleire er avklara ved at området ligg over marin grense.	Skredfarevurdering, Asbjørn Rune Aa, 01.10.2020 Fylkesatlas
3. Snøskred	N	N				Ikkje registrert problemstillingar.	Skredfarevurdering, Asbjørn Rune Aa, 01.10.2020 Fylkesatlas
4. Dambrot	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas
5. Elveflaum/tidevassflaum/stormflo	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas og terrengform
6. Overflatevatn/klimaendr. Nedbørutsett	N	N				Alltid nærare vurdering i planarbeidet.	Fylkesatlas og terrengform
7. Skogbrann (større/farlig)	N	N				Ikkje relevant	
8. Brann/sløkkevatn /tilkomst for brannbil	N	N				Tilgang vil vere på lik linje med Fjellbygda for øvrig, og sløkking vil primært vere frå tankbil.	Brannsjef, Runar Kleppe
Vær, vindeksponering							
9. Vindutsette område (Ekstremvær, storm og orkan)	N	N				Ikkje meir utsett enn regionen elles.	
Natur- og kulturområder							
http://www.miljostatus.no/kart/							
10. Sårbar flora	N	N				Ikkje registreringar i eller ved planområdet som tilseier særskilte omsyn.	
11. Forholdet til naturmangfaldlova	N	J				Skal alltid utgreiast	

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
12. Sårbar fauna /fisk, verne-område og vassdrags-område	N	N				Ikkje særskilte problemstillingar	Miljøstatus Norge.
13. Fornminne (Automatisk freda)	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas
14. Kulturminne/-miljø	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas
15. Grunnvass-stand	N	N				Svært tynt jorddekke i området og stor halling.	
Menneskeskapte forhold							
Risikofylt industri mm.							
16. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslep p på land og sjø)	N	N				Ikkje relevant	Lokalisering og bruk
17. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	N	N				Ikkje relevant	Lokalisering – kjend historikk på arealbruken
Strategiske område							
18. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	N	N				Ikkje relevant	
19. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	N	N				Ikkje relevant	
20. Svikt i fjernvarme	N	N				Ikkje relevant	
21. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassf.)	N	N				Ikkje relevant	
22. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	N	N				Ikkje relevant	
23. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	N	N				Ikkje relevant	
24. Tele/ Kommunikasjons	N	N				Ikkje relevant	

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
samband (samanbrot)							
25. Brann (med større konsekvensar)	N	N				Ikkje relevant	
26. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	N	N				Ikkje relevant	
Andre ureiningskjelder							
27. Bustadureining	N	N				Ikkje relevant	
28. Landbruksureining	N	N				Ikkje relevant	
29. Akutt ureining	N	N				Ikkje relevant	
30. Støv og støy; industri	N	N				Ikkje relevant	
31. Støv og støy; trafikk	N	N				Støysone langs riksveg vil ikkje kome i konflikt med ønska utbygging.	
32. Støy; andre kjelder	N	N				Ikkje relevant	
33. Ureining i sjø/vassdrag	N	N				Ikkje særskilte problemstillingar	
34. Ureining i grunn	N	N				Ikkje registrert område med mistanke om ureina grunn.	Fylkesatlas og kjennskap til bruken av området
35. Radongass	N	N				Moderat aktsemd registrert i radonkart, forholdet til radon vert sikra gjennom TEK.	http://geo.ngu.no/kart/radon/
36. Høgspenline	N	N				Ikkje relevant	
Trafikktryggleik							
37. Ulykke med farlig gods	N	N				Ikkje relevant	
38. Ulykke ved inn- og utkøyning.	N	N				Ikkje relevant	
39. Ulykke med gåande/syklende	N	N				Liten lokaltrafikk.	
40. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	N	J				Kan forekome men er ikkje kritisk ved fritidsbustader,	

1.8.3. Skredfare

Det er gjennomført fagkynding vurdering av skredfare i området, ved Asbjørn Rune Aa. Rapporten «Skredfarevurdering av tomter for bustadhus og hytte på gnr./bnr. 60/1 i Vestre Fjellbygda, Gloppen kommune» er datert 01.10.2020. Konklusjonen i arbeidet er, sitat: «*Så langt ein kan vurdere oppfyller tomtene krava i følgje TEK 17, § 7-3, tryggleiksklasse S2.*» Skredfare vert dermed ikkje nærare handsama i planarbeidet.

1.8.4. Overflatevatn

Som ein del av planarbeidet vert det gjort overordna vurderingar for å sikre tilfredsstillande løysingar for overflatevatn. Dette vert levert av Nordplan gjennom dotterselskapet Fjordvarme.

1.8.5. Naturmangfaldlov

Det vert gjort ei vurdering av forholdet til naturmangfaldlova som del av utgreiingane i planomtalen.

1.8.6. Konklusjon

Med føresetnad om at forholda nemnde i 1.8.3 til 1.8.5 vert utgreidd og at ein legg inn føringar for å sikre desse omsyna er det ikkje indikasjonar for at den planlagde utviklinga vil medføre auka risiko for fare i området. Ut over skredfare, som er nærare utgreidd, er det ikkje identifisert tema som vil krevje eksterne fagrapportar.

1.9. Varslingspartar

Offentlege høyringspartar		
Instans:	Adresse:	E-post:
Statsforvaltaren i Vestland		sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland Fylkeskommune		post@vflk.no
Statens Vegvesen, region vest		firmapost@vegvesen.no
NVE, Region Vest		rv@nve.no
Linja AS		kundesenter@linja.no
Nordfjord miljøverk IKS		post@nomil.no
Telenor Kabelnett		kabelnett@telenor.com
Gloppen kommune	Ein ber om at saka vert distribuert til relevante representantar i organisasjonen	post@gloppen.kommune.no
Gloppen Bondelag		Kristen Grov

Ut over dette legg vi til grunn at kommunen internt varslar sine utvalsrepresentantar i den grad dei finn det relevant. (Som t.d. driftsavdeling, barnerepresentant, eldreråd, råd for likestilling av funksjonshemma, ungdomsråd etc.)

Private høyringspartar

Lokale høyringspartar:

Namn	Gnr/bnr
Stig - mail	60/2
Elsa - mail	60/3
Bård Kjetil Aske	61/1

1.10. Medverknad

Naboar som tiltaket vedkjem direkte vert informerte gjennom varslingsbrev og planinitiativ. Samarbeidet med offentlege instansar vil primært skje gjennom dialog og innspel i samband med høyringar.

Det er elles ikkje lagt opp til særskilte tiltak for medverknad, ut over ordinær planprosess.

1.11. Vurdering etter Forskrift om konsekvensutredninger

I samband me d1 høyringsutkast til kommuneplanen sin arealdel i 2020 er det gjennomført konsekvensutgreiing av den aktuelle utvidinga for fritidsføremål:

Ytre Fjellbygda – hyttefelt			
SKILDING	G.nr.: 60 B.nr.: 1 Dagens formål: LNF Foreslått formål: Bustad/ fritidsbustad	Storleik: ca. 8,4 daa Forslagstillar: Runar Kleppe (Grunneigar)	
	Skildring: Utviding av eksisterande areal avsett til fritidsbustad. Arealet kjem i tillegg til 19 daa på sørvestsida av vegen avsett til fritidsbustader i gjeldande plan. Grunneigar ønskjer å etabler hytter for utleige. Grunneigar ønskjer å frådele ein bustadtomt nærast vegen.		
MILJØ-NATUR RESSURSAR	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVEN SAR
	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslipp må sikrast ved regulering.
	Støy	0	Ingen kjent støyproblematikk.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	Overflatedyrka jord og produktiv barskog på området mot sør. Lauvskog i område nord.
	Naturmangfald og landskap	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	SEFRAK-registrert tuft etter smie i norddelen av område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registrerte barnetråkk i området
SAMFUNN	Transportbehov	0	Heilt avhengig av bil. 6 km frå sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Tilknytta kommunal veg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for framtidig arealbruk	0	I tråd med mål om auka overnattingskapasitet. Området kan gje sykkelturistar og friluftslivsturistar tilgang til utleigehytter nær populær utfartsstad.
ROS	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m. er avhengig av tankvogn. Ikkje tilgang på vatn ved tørke.
	Forureining	0	Lav radon-aktshmet. Ingen registrert forureining.
	Trafikk	1	Vil auke belastninga på smal kommunal veg til ytre Fjellbygda.
TILRÅDING	Samla vurdering: + Allereie opparbeidd veg gjennom feltet på nordsida av vegen. Området kan nyttast til utleigehytter for sykkelturisme og anna friluftsliv i området. - Vil auke belastninga på smal og svingete kommunal veg. Tilråding: Tilrådd		

Vi har gjennomgått Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017, endra 01.01.19).

§ 6: Vedlegg I: pkt. 25 – «Nye bolig og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan». Paragraf 6 vil tre i kraft, føresett at ny arealdel ikkje er vedteken, omfanget av planen tilseier at utgreiingstema vert svært beskjedne. Det er Nordplan si vurdering at dei tema som er utheva i kommunen si konsekvensutgreiing men ein liten konsekvens kan utgreiast som del av planomtalen (KU er vist over). Utgreiing etter paragraf 6 a) og b) medfører også krav om planprogram, dette er løyst gjennom kapittel 1.12.

Som ein ekstra kontroll, med sikte på å identifisere eventuelle tema som vil krevje nærare utgreiing er §10 i forskrifta gjennomgått under:

a) Storleik, planområde og utforming
Planområdet er på totalt 34 daa.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar
Ikkje KU-tema
c) Avfallsproduksjon og utslepp
Ikkje KU tema.
d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer
Dette skal utgreiast gjennom ROS og ordinær planomtale og ein kjenner ikkje til problemstillingar som relevante for. konsekvensutgreiing.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane (tredje ledd).

Punkt i grå skrift er vurdert som ikkje relevante for konsekvensutgreiing, punkt i svart skrift er område som ein tenkjer at det vil vere viktig å ha særskilt fokus på i planarbeidet:

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag, går gjennom planområdet – planlagde tiltak ligg innfor 100m beltet langs vassdraget – dette vert omtala nærare i planarbeidet. ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ? ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova
b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ område som er særleg viktig for friluftsliv
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd. Erfaringar tilseier at «større» er meir enn 15 daa, aktuell omdisponering vil her utgjere om lag 10 daa. Området det då er snakk om har få/ingen andre bruksområde for landbruket enn skog.
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride

f)	▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining
g)	▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp
h)	▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av dei opplysningane som ligg føre, dvs. vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale.

Ein står dermed med følgjande aktuelle utgreiingstema:

Alltid:

- ROS-analyse
- Naturmangfald

I tillegg:

- Ingen relevante tema

Det er ikkje indikasjonar for at ein vil innhente ekstern fagkompetanse på fleire tema.

Førebels standpunkt:

Med bakgrunn i dette kapittelet og gjennomgangen frå oppstartsmøtet legg ein opp til å skildre verknaden av planen som del av planomtalen og vurdere dei aktuelle tema som ein del av ein grundig planomtale og ROS-analyse. Med denne bakgrunnen er det lagt opp til at planinitiativ i saka også tener som planprogram (kap. 1.12), all den tid det ikkje er identifisert behov for tunge vurderingar eller eksterne rapportar i saka. Konsekvensar skal i den grad det er relevant vurderast i samsvar med føringar gitt i “Forskrift om konsekvensutgreiingar” av 21.06.2017.

1.12. Planprogram

Formålet med planprogrammet er å:

- avgrense planoppgåva
- klargjere konsekvensar og problemstillingar
- avklare utgreiingsbehov i forhold til miljø og samfunn
- fastsette rammer og føringar for planarbeidet
- gje høve til tidleg medverknad
- sikre ei politisk forankring

Metode

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i tråd med føringar gitt i “Forskrift om konsekvensutgreiingar” av 21.06.2017.

Prinsippet er at tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført.

0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventede konsekvensar med dagens situasjon og gjeldande kommuneplan og vedteke reguleringsplanar sine rammer.

Aktuelle avbøtande tiltak og/eller trong for oppfølgjande undersøkingar vert gjort greie for i dei enkelte tema og i samanstilling av konsekvens. På grunnlag av det som er kome fram i KU vil tiltakshavar kome med ei tilråding for korleis ei mogeleg utbygging kan skje.

Konsekvensutgreiinga skal bygge på eksisterande fagleg kunnskap og om nødvending ved innhenting av nye data eventuelt oppdatering av eksisterande.

I følgje KU-forskrifta skal planar etter KU-forskrifta gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnleggjast.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet femner om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av dei planlagde tiltaka. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Dette skal skildrast i planframlegget.

Det skal nyttast ein 7-delt skala for å angi konsekvens, stor positiv (+++), positiv (++) , liten positiv (+), ingen (0), liten negativ (-), negativ (--) eller stor negativ (---) konsekvens av planframlegget.

I denne saka er det ikkje identifisert meir enn eitt tema som *kan* vere aktuelt å utgreie etter denne metodikken – omdisponering av landbruksareal. Og dette er ikkje særskilt kontroversielt.

Utgreiingsprogram

Det skal utarbeidast planomtale, plankart og føresegner i samsvar med krav i plan- og bygningslova.

Arbeidsopplegg og medverknad skal skje i tråd med opplegget som er skissert under punkt 1.10. Planavgrensing, framtidig bruk og aktuelle reguleringsformål går fram av kapittel 1.4.

Utgreiingsbehov

Utgreiingsbehovet går fram av kapittel 1.11. Vidare følgjer ei samanstilling av moglege konsekvensar og utgreiingsbehov. Desse er skjematisk framstilt i tabellen på dei neste sidene, for å gje ei samla oversikt etter gjennomgang av eksisterande situasjon og ønska tiltak.

Tema	Datakjelder	Mogleg omfang/innverknad	Utgreiingsbehov
Landbruk Planomtale	Synfaring, informasjon frå offentlege instansar og kommunen. Ny registrering kjerneområde vedteken 2021.	Endring frå LNF med noko skog, til fritidsbustader.	Vurderast på bakgrunn av kjent kunnskap.
Friluftsliv Planomtale	Synfaring, informasjon frå offentlege instansar og kommunen.	Lite/ingen verknad, svakt positiv ved auka tilgang til utmarka.	Vurdert på bakgrunn av kjent kunnskap.

Naturmangfald Planomtale	Naturbasen til Miljødirektoratet. Miljøstatus Norge. Naturmangfaldlova. Fylkesatlas.	Utbyggingstiltak vil beslaglegge deler av areala.	Kjend kunnskap
Kulturminne og kulturmiljø Planomtale	Askeladden.no	Lite/ingen verknad	
Naturressursar Planomtale	Synfaring, Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar.	Noko skog og utmarksbeite vert omdisponert	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
Tilkomst og infrastruktur Planomtale	Vegkart, SVV handbok N100, dialog med Gloppen kommune	Noko trafikkauke på tilkomstveg.	Kjend kunnskap
Samfunnskonsekvensar Planomtale	Ringverknader av planframlegget? Samanstilling av kjend kunnskap, og ev. innspel frå aktørar.	Lite endring	Kjend kunnskap.
Universell utforming Planomtale		Planomtalen skal omtale og sikre universell utforming.	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
Born og unge sine interesser Planomtale		Lite ingen verknad, området er lite brukt.	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
Risiko og sårbarheit Planomtale	Kommunal ROS-analyse. DSB sin rettleiar NVE/NGI Skrednett Fylkesatlas Miljødirektoratet Met.no Artsdatabanken Naturbase		Det skal utarbeidast ROS-analyse, i samsvar med DSB sin rettleiar. Denne vil følgje planen som eige vedlegg/rapport. Det er ikkje vurdert som naudsynt å hente inn spesialkompetanse knytt til enkelte ROS-tema.

Framdriftsplan

Tabellen under gir ei oversikt over berekna framdrift i arbeidet. Behandlingstidspunkt i kommunen avhenger av saksmengd og møteplanar.

Fasar i planarbeidet – gjennomført og planlagt	Samarbeid og medverknad	Behandling	Framdrift
Oppstartsmøte med Gloppen kommune	Kommunen og Nordplan		Mars 2021 gjennomført
Utarbeiding av forslag til planprogram	Kommune, fylke, utbygger	Nordplan AS	Mars 2021 gjennomført
Kunngjering oppstart av planarbeid	Kunngjering og brev til partar	Nordplan AS og Gloppen kommune	Mars 2021
Høyring av forslag til planprogram	Utsendt i lag med annonsering	Nordplan AS og Gloppen kommune	April 2021
Fastsetting av planprogram		Gloppen kommune	Mai 2021
Utarbeiding av detaljreguleringsplan, KU	Grunneigarar, utbygger, offentlege og private partar	Nordplan AS og Gloppen kommune	Mai -August 2021
Offentleg ettersyn detaljreguleringsplan	Folkemøte, kunngjering og brev til partar	Nordplan AS og Gloppen kommune	August 2021
Behandling av merknader	Kommune og Nordplan AS	Nordplan AS og Gloppen kommune	September2021
Revidering av plankart og planomtale. Eventuelt nytt offentlig ettersyn	Kommune og Nordplan AS	Nordplan AS og Gloppen kommune	September 2021
Vedtak av detaljreguleringsplan		Gloppen kommune	November 2021
Kunngjering av plan vedtak	Kommunen	Gloppen kommune	November 2021